



Heidersmannen Gunnvald Friheim vart heidra med korpsmusikk og folketog.

**Det er mest ikkje til å tru, men sprekingen Gunnvald Friheim runda 16.mai 80 år. Etter initiativ frå Rosendal musikklag vart dette storveis markert med korpsmusikk og folketog. I det deltok mange lag, organisasjonar og privatpersonar som har nytt godt av den store innsatsen som JA-mannen Gunnvald Friheim har lagt ned. Truleg var det nærare 100 personar i toget.**

Folketoget starta øvst i Skeishagen. Etter tamburmajor og drillpiker fremst fulgte eit storkorps samansett av musikarar frå Rosendal musikklag A og B, Uskedal musikklag og Rosendal skulekorps. Deretter fulgte personar frå andre lag og privatpersonar som ville heidra Gunnvald. 80-åringen er framleis aktiv både i Rosendal musikklag A og B, og Uskedal musikklag.



Jubilanten vert overrekt medalje og diplom for 60 års medlemskap i NMF. Gunnvald, Finn Opsahl, Atle Fredheim, Annbjørg Fossberg, Karl Ø. Kristiansen som spela fanfare og Marit Friheim. Det var Kristin Lamberg som heldt talen.

Toget gjekk ned til heimen til jubilaranten, og då dei marsjerte fram mot bustaden tona **Jubilant-marsj** av Per Olav Paulsen ut av instrumenta. Toget vart møtt av ein strålende og rørt jubilarant med familie ute på plassen. Gunnvald visste ikkje noko om markeringa på førehand. Fleire nytta høve til gode helsingord og overrekkingar. Kristin Lamberg helsa frå Rosendal musikklag, og han vart mellom anna tildelt NMF sin deltakarmedalje for å ha vore medlem i NMF i meir enn 60 år. Det er 68 år sidan Gunnvald byrja i Uskedal musikklag.

Frå Uskedal musikklag og Uskedal ungdomslag var det hans gode ven og 'samarbeidspartnar' gjennom alle år Bjørgulv Eik som helsa og overrekte blomar. I tillegg til musikken nemnde han spesielt innsatsen innan teater- og leikarbeidet i ungdomslaget i tillegg til at han har vore formann i begge laga. Trygve B. Torjussen helsa og takka frå Rosendal samfunnshus.



Bjørgulv Eik overrekte blomar og helsa frå Uskedal musikklag og Uskedal ungdomslag.

I tillegg til dei nemnde var det altså mange andre lag som heidra jubilaranten. Det vart halde fram at Gunnvald er ein mann som ordnar og reparerer det meste. Ein mann vi kontaktar når vi treng hjelp. Og svaret er JA. Ofte treng vi ikkje spørja ein gong. Sidan det er 17.mai i dag, nemner eg at eg i 1986 fekk ein flott stor konserttuba. Den var forferdeleg vond å gå med, men vi ville helst bruka den p.g.a. god lyd. Som konsert instrument, var det ikkje råd å få kjøpt tilpassa beresele. Eg veit ikkje kor mange bereselar Gunnvald`n laga til den. Kwart einaste år, i minst 10, kom han med stadig nye og vidareutvikla selar som skulle gjera det betre for meg å bera 'uhyret' i folketøget. 'Prøv denne, du,' sa han og 'kledde ' på meg. Eg fekk like vondt, og klagde vel like mykje, og det resulterte at ved neste marsjering kom Gunnvald med ei ny og forbetra utgåve av bereselen. Slik er snille og hjelpsomme Gunnvald!

På øvingane no er det rett som det er einkvan som har gløymt brillene. Då har alltid Gunnvald reservebriller til hjelp i kofferten. Slik er Gunnvald. Han tenkjer på det meste.

Etter markeringa ute på plassen, takka både Gunnvald og kona Marit hjarteleg og inviterte alle til kaffi og kaker. Eg trur mest alle vart med, og rikeleg var det både av kaker og kaffi. Ei storveis markering av den flotte 80-åringen var det.



Jubilanten med 60års-medaljen

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland